



Helgheim - blir huset regulert som spesialområde bevaring? (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Frå ein pott på 300.000 til kommunale byggjetilskot for dette året har komite for oppvekst, kultur og idrett samrøystes tildelt 55 000 kroner til to prosjekt i Uskedalen. Det er 20.000 til aktivitetsrom i bedehuset og 35.000 til rehabilitering av Helgheim.**

Aktivitetshuset fekk ikkje tilskot fordi mindre branntekniske pålegg vert sett på som drift av anlegget. Heller ikkje fekk ungdomslagshytta Fjelly tilskot fordi søknaden ikkje var tilstrekkeleg dokumentert. Den viste ikkje rehabilitering, berre drift og det var ikkje kostnadsoverslag og finansieringsplan.

Ombyggjinga av gamlækjøkenet til aktivitetsrom for den store barne- og ungdomsaktiviteten i bedehuset er no på det næraste ferdig.

Tilskotet til Helgheim skal gå til rehabilitering. Huset er gjennomgått av Norsk lagsbruk og dei har kome med ei rekkje tilrådingar om ivaretaking av huset og eigenarten til dette. Mellom anna anbefalar dei å vurdera om huset skal regulert som spesialområde bevaring.

Av Ola Matti Mathisen